

UTDRAG FRÅ DEN LEKSIKRYPTISKE ENCYKLOPEDI

Panteisme, læra om at Gud og verda er bundne saman og at alt er i Gud. Dette kan forståast som ein kombinasjon av vanleg teisme og panteisme, fordi panteismen seier at Gud er grunnlaget for, og er større enn, universet. (Panteisme set likskapsteikn mellom Gud og «alt».) Panteismen er ein viktig idé i prosessfilosofi og prosessteologi, som seier at Gud er i ein stadig endringsprosess.

Panopticon (el. panoptikon). Jeremy Bentham drog i 1786 til Kviterussland for å besøke bror sin, Samuel. Han fortalde Jeremy om ein idé han hadde, som skulle gjere det mogleg for ei relativt lita mengd oppsynsmenn å ha kontroll over ein større arbeidsstokk. Dette skulle gjerast ved å lage ein heilt rund bygning, med arbeidsstasjonar plasserte langs veggen, slik at inspektørane hadde god oversikt frå midten av bygget. Ideen fascinerte Jeremy i så stor grad at han snart byrja å vidareutvikle den. Arbeidet materialiserte seg i form av ein serie brev som han sende til ein ven i England.

Tankane og prinsippa han presenterer i desse skriftene er i svært stor grad fundert på Samuel sin idé, men er tilpassa fengselsbygg. Likevel meinte han at dei kunne nyttast i konstruksjonen av ein kvar institusjon der ein er avhengig av å kunne observere ei gitt mengd menneske. Mellom slike institusjonar finn vi fabrikkar, fattighus, skular, sjukehus, galehus, osv. Desse arkitektoniske planane gav Bentham namnet Panopticon, som stammar frå gresk og kan omsettast til noko slik som «allsjåande». Namnet passar godt, då det essensielle ved Panopticon er at det let ei vakt vere usynleg, medan vakta sjølv har full oversikt.

Bentham meinte at eit kvart Panopticon burde konstruerast slik at det har ei rund form. Vakta vil då til ei kvar tid ha halvparten av cellene innanfor synsfeltet sitt. For å sikre at han ikkje skal kunne bli sett av dei han skal observere må det byggjast eit tårn som han kan opphalde og bevege seg inni. Cellene er alle av same størrelse, og er plassert rundt heile omkrinsen av bygget, samt i høgda. Breidda på cellene er like stor som avstanden mellom den ytre og den indre sida av veggen. Dette er viktig, då vakta sitt innsyn i den enkelte cella er avhengig av lys utanfrå. Kvar celle har eit vindaug i ytterveggen, og eit i døra på innsida. Dette gjer at både cella og resten av bygget vert opplyst av dagslyset. På grunn av ein motlyseffekt kan vakta titte ut av små vindaug i tårnet sitt utan at dei som sit i cellene kan sjå inn gjennom dei same vindauga. Slik vert det uråd for dei som er i cellene å vite om og/eller når dei vert observerte. Vidare husar den enkelte cella til ein kvar tid berre ein person, uavhengig om det er straffange, skuleelev, pasient, osv. Denne isoleringa av den enkelte kan ha ulike funksjonar: I sjukehus hindrar det smitte, i skular motverkar det elevane sin gjensidige distraksjon, i fengsel, arbeidsanstalt og galehus hindrar det konflikter og valdelege tilløp.

Sjølv om Bentham først og fremst såg på Panopticon som ein arkitektonisk idé, har det nokre interessante filosofiske implikasjonar. Tanken er at det ikkje først og fremst er ved faktisk å halde nokon under oppsyn ein kontrollerer åtferda deira. I staden er det kjensla dei sjølv har om at dei *kan* vere under oppsyn som er det åtferdsregulerande. Det er først og fremst dette som skil Bentham sine meir utvikla tankar om Panopticon frå broren Samuel sin arbeidsanstalt, der inspektørane var like synlege som alle andre. Ved å isolere dei innsette frå kvarandre, og samtidig gjere vakta usynleg, vert han til noko abstrakt og uhandgripeleg. Med tårnet som symbol er han likevel alltid til stades.

I *Overvåkning og straff: det moderne fengsels historie (Surveiller et punir. Naissance de la prison)* tek Michel Foucault ideen om Panopticon eit steg vidare, i det han omtalar som «Panoptismen». For han illustrerer Bentham sine idear korleis maktforhold fungerer både i institusjonar som fengselet, og i samfunnet generelt. Han samanfattar kjerneideen slik: «Hovedhensikten med *Panopticon* er å skape en situasjon hvor de innsatte selv danner grunnlaget for det herredømme de lever under. For dette formål er det på samme tid overflødig og utilstrekkelig at den innsatte ustanselig iakttas av en vokter.» Panoptismen har altså med korleis menneske disiplinere kvarandre og seg sjølv, i det Foucault kallar «det disiplinære samfunn», som oppstod i det 17. og 18. hundreår. Disiplinen får i denne perioden ein ny funksjon i det at han ikkje berre skal fungere negativt, det vil seie fjerne ulemper, men først og fremst vere eit middel for å auke nytte og produktivitet. Gjennom ulike former for disiplinering, som til dømes i skuleverket, på arbeidsplassen og i militæret, vert normer internaliserte i dei enkelte kroppane, og behovet for ei konkret og synleg ytre kraft vert mindre. A.M.

Paradigme. I *The structure of scientific revolutions* introduserte vitenskapshistorikaren Thomas Kuhn omgrepa «paradigme» og «paradigmeskifte». Desse er heilt sentrale i Kuhn si forståing av kva (natur)vitskapen er, og korleis han utviklar seg. Eit paradigme er det settet med tankar, metodar, teoriar og måtar å forstå verda på som forskarfellesskapet tek for gitt. Etterkvart vil det rådande paradigmet støyte på problem det ikkje kan hamle opp med, og eit nytt paradigme tek over gjennom ein vitskapeleg revolusjon.